

VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR

§ 1 RETNINGSLINER

- a) Barnehagane skal drivast etter dei retningslinjer som er vedtekne i kommunestyret og dei krav som gjeld i lovverket.
- b) Drifta må vere i samsvar med dei avgjerder og retningslinjer som går fram av Barnehagelova og føresegnene til denne (rammeplanen), og med den fastsette årsplan for drifta.

§ 2 FORMÅL

- a) Barnehagane skal gi barna eit godt miljø med vekt på lek og samvær med andre barn og vaksne, og slik fremme læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Ein skal legge vekt på å utvikle det einkilde barnet sin personlegdom, hjelpe barnet med å utvikle evne til toleranse og til å ha omsorg for andre, og gi høve til utfalding gjennom lek og aktivitet.
- b) Saman med heimen skal dei tilsette hjelpe til med å gi barna eit miljø som sikrar dei individuell og gruppevis omsorg og støtte, stimulering, utfalding, læring og etisk rettleiing som fremmar demokrati og likestilling. Barna skal ha rett til medverknad tilpassa deira alder og føresetnader.

§ 3 EIGARTILHØVE OG FORVALTNING

- a) Herøy kommune eig og driv barnehagane. Barnehagemyndigheita har tilsynsansvar etter Lov om barnehagar.
- b) Administrasjonen ligg til Sektor for kultur og oppvekst.
- c) Styrar har det pedagogiske og administrative ansvaret for alle barna som er i barnehagen i opningstida
- d) Vedtektene skal gjerast kjende for føresette. Dei ligg ute på kommunen sine heimesider.
- e) Barnehagane skal ha eit samarbeidsutval og eit foreldreråd i samsvar med §§ 4 og 5 i Lov om barnehagar med føresegner. I barnehagar med fleire avdelingar er samansetjinga av samarbeidsutvalet slik: to representantar frå foreldra, to representantar frå dei tilsette og to representantar frå eigar. I barnehagane med ei avdeling er samansetjinga av samarbeidsutvalet slik: ein representant frå foreldra, ein frå dei tilsette og ein frå eigar. Styrar vert enten velt inn som representant for dei tilsette eller møter som sekretær for utvalet med møte- og talerett. Foreldrerådet er samansett av alle foreldra i barnehagen.

§ 4 DELEGERING AV MYNDE

- a) Opptak av barn i barnehagen vert delegert til kommunedirektøren.
- b) Kommunedirektøren er klageinstans på barnehageopptaket.
- c) Kommunedirektøren har mynde til godkjenning av barnehagane

§ 5 OPPTAK

- a) Søknad om opptak skal skje på fastsett elektronisk skjema, vedlagt nødvendig dokumentasjon. Hovudopptaket med plasstildeling frå august vert gjort i løpet av mars måned etter kunngjering i pressa. Eventuell klagebehandling skal vere ferdig i løpet av mai måned.
- b) Barn som har fått plass i barnehage beheld denne til dei byrjar på skule. Dersom ikkje anna tilråding ligg føre, får dei med delt plass 1. prioritet til heil plass ved ledig kapasitet.
- c) Etter særskilt vurdering og tilråding frå sakkunnig, kan barn gå 1. skuleår i barnehage.
- d) Opptaket er bindande frå den dagen ein takkar ja til plassen og til ein seier opp plassen. Oppseiing skal skje på elektronisk skjema. Det er minimum ein månads oppseiingstid. Oppseiingstida byrjar alltid den 1. i månaden etter oppseiingsdato. Det er ikkje høve til å seie opp plassen i tida 1. april til 1. august (siste frist for å sei opp plassen blir difor 1. mars). Dersom eit barn skal slutte etter 1. april, må barnehageavgift betalast ut barnehageåret sjølv om barnet ikkje nyttar tilbodet. Juli måned er betalingsfri.
- e) Kommunen kan legge ned/endre drifta av ein barnehage med tre månaders varsel.

§ 6 KRITERIE FOR OPPTAK

Dersom det er fleire søkjarar enn plassar ved barnehagane, skal følgjande moment takast med i vurderinga

- a) Barn busett i Herøy kommune har rett til å få barnehageplass framfor barn som er busett i andre kommuner.
- b) Barn med nedsett funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal ligge føre sakkunnig vurdering for å vurdere om barnet har nedsett funksjonsevne.
- c) Barn som det er fatta vedtak om etter Lov om barnevernstenester §§ 4-12 og 4-4 andre og tredje ledd, har rett til prioritet ved opptak i barnehage.
- d) Det er innført rett til barnehageplass for alle som søker innan fristen for hovudopptaket og fyller eitt år innan 31. august det året.(eller den datoen departementet bestemmer) Barn med rett til plass skal prioriterast framføre barn utan rett til plass.
- e) Barn med nedsett funksjonsevne og barn det er fatta vedtak etter Lov om barnevernstenester §§ 4-12 og 4-4 andre og tredje ledd skal prioriterast sjølv om dei ikkje har rett til plass etter fødselsdatokriteriet.
- f) Utfordrande familietilhøve
Barn av nøkkelpersonale i barnehagen
Einsleg forsyntar i arbeid eller under utdanning
Sysken til barn som allereie har plass i barnehagen komande barnehageår
- g) Barn busette i andre kommuner kan ved ledig kapasitet få tilbod om plass i eit år. Tilbodet må vere avklart med bustadskommunen.
- h) Det må takast omsyn til alder og kjønn og slik at ein kan oppnå ei gruppesamansetjing som gir høve til individuell utvikling og gjensidig stimulering for barna i gruppa. Ei slik vurdering kan bety å ha tilstrekkeleg mange barn i same aldersgruppe/kjønn.

- i) Når det ikkje er grunnlag for prioritering etter Lov om barnehagar eller opptakskriteria for kommunale barnehagar, og søkjarar elles står likt, vert det gjort loddtrekning.
- j) Ved ledig plass gjennom året, skal styrar vurdere ut frå opptakskriteria kven på ventelista som skal få tilbod om plass.

§ 7 OPNINGSTID

- a) Opningstid i barnehagane er innanfor tidsrommet 06:45 - 17:00
- b) Barnehagane er opne måndag - fredag kvar veke. Dei er stengde laurdag og søndag, og på helge- og høgtidsdagar.
- c) Barnehagane er og stengde:
 - frå og med onsdag i påskeveka og til og med 2. påskedag
 - frå og med julaftan til og med 1. nyårsdag
 - fem planleggingsdagar per år
- d) Barna skal i løpet av driftsåret ha fire veker ferie, og av desse minst tre veker samanhengande i løpet av sommarmånadane. Foreldrebetaling vert kravd for elleve månader.
- e) Ein avdelings-barnehagane vert stengde i fire veker for ferieavvikling. Dersom større barnehagar skal halde oppe i ferien, må det minst vere 5 barn som har behov for å vere i barnehagen kvar dag. Barnehagane kan samarbeide om å halde oppe dersom ein vurderer det som ei tilfredsstillande løysing for barna det gjeld. Ein avdelings-barnehagane kan og vurdere om dei vil vere med på ei slik ordning. Styrarane avgjer om ei slik løysing er tilfredsstillande.

§ 8 FORELDREBETALING

- a) Betalingssatsane skal vere i samsvar med sentralt bestemt maksimalpris Det vert i samsvar med forskrift om foreldrebetaling gitt 30 % syskenmoderasjon for andre barn og 100 % syskenmoderasjon for øvrige barn i same familie som bur i lag. Familiar med lav inntekt kan søke kommunen om redusert foreldrebetaling.
- b) Det vert kravd full betaling sjølv om barnet er fråverande grunna sjukdom/ andre årsaker. Dispensasjon kan gjevast etter søknad i kvart einskilt tilfelle. Det vert ikkje gjeve fråtrekk for dei dagane barnehagen er stengd.
- c) Det vert rekna som overtid når opphaldstida for ein dag overstig opningstida. Det vert kravd overtidsbetaling av foreldra når barna vert henta etter stengetid.
- d) Faktura vert sendt dei føresette før barnet tek til i barnehagen. Betalingsfrist er den 16. i kvar månad. Manglande betaling fører til purring og deretter utestenging om det ikkje blir betalt etter avtale.

§ 9 AREALUTNYTTING

Arealutnyttinga vert sett til:

- a) barn over tre år: 4,00 m2
- b) barn under tre år: 5,33m2

§ 10 HELSE OG HYGENISKE TILHØVE

- a) Tilsyn etter foreskrift om miljøretta helsevern i skule og barnehage ved verksemdene vert utført etter initiativ frå helseavdelinga.
- b) Barn som er sjuke må ikkje møte opp. Med sjuke barn meiner ein barn som har feber, omgangssjuka, utslett eller andre smittsame sjukdomar som gjer at barnet ikkje kan vere ute eller må ha ro. Dersom det er alvorleg smittsam sjukdom i heimen, må barnet heller ikkje møte. Ved fråver skal heimen melde frå til styrar eller pedagogisk leiar snarast råd. Barnehagane fylgjer helsedirektoratet si vegleiande norm for handtering av sjukdom.
- c) Når det gjeld barn med nedsett funksjonsevne eller som står i fare for å utvikle dette, skal styrar i samråd med føresette ta initiativ til nødvendig kontakt med helsestasjon eller den pedagogisk psykologiske rådgivingstenesta, eventuelt andre sakkunnige instansar.
- d) Barnehagen har mappe for kvart einskild barn der leiar registrerer viktige data om barnet. Det vert ført protokoll over fråver.

§ 11 ANSVAR

- a) Barnehagane har ansvar for barnet i den tildelte opphaldstida.
- b) Herøy kommune teiknar kollektiv ulykkesforsikring for barna.
- c) Kvar barnehage skal utarbeide eit internkontrollsystem. Barnehagen skal til ei kvar tid kunne dokumentere kva internkontrollsystem den har.
- d) Den einskilde kommunale barnehage er registrert i einheitsregisteret.

§ 12 MAT – KLEDE

- a) Alle måltid vert laga til og servert i barnehagen.
- b) Utgifter barnehagen har til frukt, mjølk og mat til dei ordinære måltida kjem i tillegg til barnehagebetalinga, og vert fakturert saman med denne. Satsen vert vedteken av kommunestyret.
- c) Barna klede tilpassa ver og årstid. Dei må ha klede til inne- og utebruk. Eitt ekstra klesskift må ligge i barnehagen.
- d) Barnehagen tek ikkje ansvar for kle / egedelar som ikkje er merka.

§ 13 ÅRSPLANAR

Ved kvar barnehage skal det utarbeidast årsplan for drifta. Samarbeidsutvalet ved barnehagen skal med utgangspunkt i nasjonal og lokal rammeplan fastsette ein årsplan for det pedagogiske innhaldet. Den vert gjort tilgjengeleg på barnehagen si heimeside på www.heroy.kommune.no

§ 14 BEMANNING

Etter Lov om barnehagar § 26 skal barnehagen ha minst ein tilsett pr tre barn når barna er under 3 år. Når barna er over 3 år skal barnehagen ha ein tilsett per seks barn.

Det skal vere minst ein pedagogisk leiar pr sju barn under 3 år og ein pedagogisk leiar per 14 barn over 3 år etter foreskrift om pedagogisk bemanning.

Dei som skal arbeide i barnehage, må legge fram godkjend politiattest etter Lov om barnehagar § 30.

§ 15 TEIEPLIKT

For all barnehageverksemd gjeld reglane om teieplikt i forvaltningslova §§ 13 til § 13 f. Alle tilsette skal skrive under erklæring om teieplikt før dei tek til i jobben etter Lov om barnehagar § 44.

§ 16 OPPLYSNINGSPLIKT

Barnehagepersonalet skal gi sosialtenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta bistand i klientsaker, jfr.§ 45 i Lov om barnehagar.

§ 46 i Lov om barnehagar understrekar at heile personalet har meldeplikt over for barnevernstenesta i samband med mistanke om barnemishandling og alvorleg omsorgssvikt.

§ 17 TILSYN

Kommunen sitt barnehagetilbod, godkjenningsansvar og tilsynsansvar er fastsett i §§ 10 og 53 i Lov om barnehagar.

Kommunen skal føre tilsyn med både kommunale og private barnehagar. Kommunen kan gje pålegg om retting av uforsvarlege eller ulovlege tilhøve i den enkelte barnehage. Dersom fristen for å etterkome pålegget ikkje vert halden, eller om tilhøva ikkje let seg rette opp, kan kommunen vedta tidsavgrensa eller varig stenging av verksemda. Eit slikt vedtak skal sendast statsforvaltaren til orientering. Vedtak om retting og stenging kan påklagast til statsforvaltaren.

§ 18 ENDRING AV VEDTEKTENE

Kommunestyret godkjenner vedtektene for dei kommunale barnehagane etter framlegg frå Utval for kultur og oppvekst.

Vedtektsendringar vedteke av Kommunestyret 02.02.23 i sak 05/23